

KVEN KAN EIN LITE PÅ? Nokre tankar ved eit årsskifte

*Och när prinsar och presidenter
Ljuger medvetet i kapp
Och när dom som skulle säga sanningen
Börjar ta tillbaka vad dom redan sagt
Då kommer Lille Gerhard hem till mej
Och häver sez på tå
Och säger, vem i hela världen kan man lita på*

Det er i år 52 år sidan Hoola Bandoola Band første gong song denne teksten. Eg var 20 år, og teksten har blitt liggande i meg sidan, sjølv om eg no måtte ha litt hjelp for å gjengi han rett. Da denne songen blei sunge inn på plate var det relativt nye tankar. Vi hadde hatt eit ungdomsopprør gjennom Europa, vi var ein generasjon som stilte spørsmål ved det aller meste av vedtatte sanningar frå både politikarar, kyrkje og skole, vi ville tenke sjølv. Kva har det blitt til?

Når eg no les nyttårstalen til Statsministeren Støre, ser eg at det kunne stått statsministrar i lag med prinsar og presidenter i songen.

Nokre av dei mest opplagte løgnene er samla på få setningar:

I året som gikk er det mange som fikk liv, omgivelser eller økonomi snudd på hodet. Av krefter utenfor vår kontroll.

Av ekstremvær – over hele verden.

Av dyrtid – og økte renter.

Av krig og konflikt – som tar liv og skaper frykt og fortvilelse.

Været kan vi ikkje kontrollere direkte, men svært mye tyder på at mengda av ekstremvær er ein del av klimaendringane som er forårsaka av utslepp av fossile brensel i lag med reduksjonen i naturlig natur. Noreg har dei siste 50 åra vore ein av verdas fremste profitørar på auka bruk av fossilt brennstoff og er i alle fall i Europa den fremste bremseklossen i å redusere på utvinninga. Dyrtida er skapt av norsk tilslutning til EØS og Acer i lag med bygginga av strømkablar til utlandet nettopp for å drive straumprisen opp så vindkraftutbygginga skulle bli lønsam, samt av sprenginga av gassleidninga frå Russland til Tyskland, gjort av våre allierte med norsk hjelp. Krigen er framprovosert ved ein aggressiv politikk frå NATO sidan 1990-talet, med full norsk støtte. Om ikkje Noreg har full kontroll på desse områda, så har styresmaktene anten frivillig gitt frå seg kontrollen eller dei har påverka vilkåra i retning av å styrke desse problema.

Mens statsministeren talte, satt eg i godstolen med ein liten, livredd hund på fanget. Han skalv over heile kroppen og har aldri vore så redd i sitt liv. Årsaka var krigen som pågikk rett utafor vindua, som trengte inn med lydar som var vanskelig å skilje frå den reelle krigen som no pågår i Ukraina og Gaza. I fleire dagar sleit vi med å roe ned hunden og vi veit at millionar av dyr og dyreeigarar rundt i verda slit med det same ved kvar nyttårsfeiring. Kor mange ville og tamme dyr som ikkje overlever skytinga veit vi ikkje. Flyktningar og andre som har opplevd reell krig får mareritt av igjen å kjenne seg i skotlinja og gamle traumer blir gjenopliva. For mange av oss er nyttårsnatta årets verste natt, og det stikk motsette av ei feiring. Men profitten til selskapa bak produksjonen i Kina og forseljinga i Noreg går foran velferden til folk og dyr. I Noreg er det bare eitt av dei politiske partia som har mot til å foreslå forbod mot fyrverkeri, sjølv om eit fleirtal i folket går inn for det.

Da vi vakna og gikk ut neste dag, fann vi restar av fyrverkeriet, merka med "In harmony with nature" og "Animal friendly". Dette visstnok fordi at dette ikkje laga like mye pang som anna fyrverkeri. Kva er det det heiter på engelsk? "Killing me softly"?

Eg les vidare i statsministeren si tale:

Vi står samlet, i befolkningen og i politikken, i vår støtte til Ukraina. Deres kamp er også vår kamp fordi vårt Europa blir mer utrygt når brutal våpenmakt brukes til å frata andres frihet og flytte grenser.

Nei, vi gjør ikkje det. Vi står ikkje samla om støtte til ein krig som har tatt livet av fleire hundre tusen ukrainarar og russarar, som har kløyvd verda og satt alt samarbeid om ei felles framtid på vent, som har satt arbeidet for ein fornuftig politikk for natur, klima og ressursar, for ei rettferdig verdsordning i revers.

Vi er fortsatt ganske mange som ønsker fred og ikkje krig i verda. Som ser at den brutale våpenmakta som Russland har bruk i Ukraina er framprovosert gjennom mange år av eit USA og NATO som ønska krig. Som ser at Noreg sidan 1949 har vore ein lojal tenar og juniorpartnar av den største imperialisten i denne tida, som når dei økonomiske, politiske og kulturelle pressmidla ikkje har strekt til for å få andre land til å underlegge seg, har brukt militære middel som statskupp og invasjonar. Guatemala, Cuba, Chile, Venezuela, Vietnam, Kambodja, Laos, Filipinene, Grenada, Libya, Serbia, Syria, Irak og Afghanistan er bare nokre av landa som har fått smake pisken til «våre allierte». Dette er ikkje noko forsvar for verken Russland eller andre som har gått til angrepsskrig, men ingen land i verda har vore i nærheita av å sette igang så mange angrepsskrigar som USA i tida etter 2. verdskrigen. I tillegg til det dei sjølv har stått for direkte, kjem at verdas einaste gjenverande rasistiske stat, Israel, er heilt basert på amerikansk økonomisk og militær støtte.

Innen et par tiår kan kraft fra havvind bli like stort som vannkraften.

Veit statsministeren kva han snakkar om, eller vil han ikkje vite? Det er snakk om ein produksjon på linje med den tyske vindkrafta, der 30.000 turbinar no dekker mesteparten av landet og har ført til ei total strømkrise. I motsetning til vasskrafta, som har gitt oss ein stabil og regulerbar strømforsyning, skal vi få ei like stor uregulerbar produksjon som går opp og ned som ein jojo, og som om den skal ha noko som helst nytte, krev ei balansekraft som ikkje finst.

La oss lære av det samiske folks historie, kulturarv og kunnskap om sameksistens med naturen.
Ei av dei få setningane i talen som eg kunne ha slutta meg til – om han hadde vore ærlig meint.

Dette vågar statsministeren å seie på tampen av året da han gong på gong har avvist krava frå samane på Fosen, naturvernurar og sameaktivistar om å stoppe den ulovlige vindkrafta i reinbeiteområde. Det året da han sjølv har lansert ei vindkraftrasering av Finnmark som er utan sidestykke og som vil vere dødsdomen både for reindrifta og for det meste som er igjen av inngrepsfri natur i fylket.

Den samiske naturbruksstradisjonen er å ta vare på naturen og levere den vidare til framtidige generasjoner. Statsministeren sin politikk er å rasere naturen ein gong for alle i vår generasjon og sørge for at dei som no driv reindrift blir siste generasjon.

Vem kan man lita på?

I alle fall ikkje statsministeren og regjeringa hans.

Eg leitar etter eit alternativ å peike på. På Stortinget finn eg det dessverre ikkje. Der er parti som kritiserer nokre av dei verste utsлага av regjeringa sin politikk. Men der er INGEN parti som går inn for fred. Alle partia går for krig og opprustning. Der er INGEN som seier at USA og NATO er fiendar av alle verdas folk og at vi i staden for å alliere oss med dei må støtte dei kreftene som kjempar mot dei. Der er INGEN parti som tør å seie at det samla forbruket på jorda må bli kraftig redusert, og at Noreg, som eit av verdas rikaste land, må gå foran og redusere mest.

Och när dom som skulle säga sanningen

Börjar ta tillbaka vad dom redan sagt

Dette er som om det var skrive som ei helsing til dei to partia på tinget, som tidligare har sagt mest sanning om stoda i verda, SV og Raudt. Dei siste åra har dei nettopp byrja å trekke det tilbake. USA er ikkje lenger ein fiende, men ein nødvendig alliert mot den store skurken i aust. I staden for å

ruste ned skal vi no ruste opp mot Russland, mot Kina og mot alle andre trugsmål mot den imperialistiske verdsordenen. Det må vere det største sviket i norsk politisk historie.

Er det da nokon igjen ein kan lite på?

Det vonar eg etter kvart å kunne komme tilbake med litt meir positive tankar om.

Inntil vidare ønsker eg dykk alle at året 2024 må bli året da denne utviklinga vil byrje å snu og at vi byrjar å skape eit pålitelig alternativ.